

Og så kom oljeplattforma og SPAR!

10.12.2012



Oljeplattformen er på plass

Det har igrunnen mangla noko vesentleg i samlinga av pepparkakeprodukt, men no er det vi siktar til på plass: oljeplattforma og SPAR-bygget. Og framleis har ikkje fristen gått ut!

Plattformen har påskrifta HTS Drilling og den har landingsplass for helikopter, som tydelegvis har landa for stutt tid sidan. Konstruktøren har nok god rede på oljebransjen.....



- og det er også helikopteret!

Dagleg leiar i SPAR Bente Nilsen opplysar at resultatet av konkurransen vil bli kunngjort laurdag 22. desember.

Kundane kan vere med og stemma frå 17. desember.

Etter denne dagen kan ein ikkje levera inn bidrag.

Oppslutnaden tok seg kraftig opp etterkvart slik at det no er 12 bygg og installasjonar i happy corner. Ein tredje tilvekst som har kome til i den seinare tid er eit fuglebur.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



SPAR kom også til slutt!